

# Datatrøbbel hos NAV

– Det har skapt ein del frustrasjon hos oss, fortel leiar Arild Berg.

Datasystemet til NAV sentralt, Arena, har ført til hovudbry for NAV-kontora rundt om i landet sidan desember. Dei tilsette i NAV brukar Arena til å behandla saker om dagpengar og arbeidsavklaringspengar, og problemet har vore at systemet ikkje toler talet på brukarar internt i NAV som er pålogga. Som eit tiltak fekk dei tilsette avgrensa tider dei kunne logga seg på systemet, og dette har ført til ein del forseinkingar i behandling av saker. Tysdag sist veke fekk ikkje saksbehandlarane koma inn på systemet før klokka var tolv.

– Det er frustrerende både for oss og brukarane når vi ikkje får logga oss på og sjekka statusen på søknaden deira, eller svara dei på andre spørsmål. Ting tek lengre tid og arbeidsoppgåver må utsetjast, fortel Ellen Dahle Myhre og Christina Mehl som er rettleiarar i mottaket på NAV på Husnes.

– Hos oss fører ikkje dette til dei store konsekvensane så lenge vi klarar å omrokera litt på

arbeidsoppgåvene og tilpassa oss. Dataproblema påverkar ikkje utbetalinga av pengar til folk. Men fordi datasystemet blir levert av ein leverandør utanfor så har vi ikkje kunna fått svar på kor lenge dette vil vera eit problem, seier Arild Berg.

Onsdag informerte NAV på sine nettsider at dataproblema gjekk mot ei løysing.

– Situasjonen er no stabil og det ser ikkje ut til å vera problem knytt til drifta, skreiv dei på NAV.no.

Mona Grønningen  
mona@kvinnheringen.no



## PROBLEM:

Dataproblema i NAV har påverka arbeidsdagen til Ellen Dahle Myhre (t.v.) og Christina Mehl som jobbar i mottaket på NAV på Husnes.

## Spanande kvartsførekomst i Kvinnherad

Gruveselskapet Nordic Mining i Oslo vil undersøkje ein førekomst av høgrein kvarts i Kvinnherad.

Nordic Mining har inngått avtale med grunneigarar om eineretten til undersøkingar og drift av ein kvartsførekomst i Kvinnherad. Utforskingssleiar Mona Schanche seier kvartsen er funnen nord for Årsnes.

Førekomsten er interessant fordi det her er tale om såkalla «høgrein» kvarts, som vert nytta innanfor høgverdige produkt i til dømes elektronikk- og solcelleindustri.

– Den høgreine kvartsen er spådd å bli svært etterspurt som eit strategisk mineral og gjer at førekomsten i Kvinnherad er noko vi vil undersøkje nærmare, seier Mona Schanche.

### Vil kartleggja

Nordic Mining vil gjennomføra ei detaljert kartlegging av varia-



KVARTS: Mona Schanche og Nordic Mining har funne kvarts i Kvinnherad.

sjon og utbreiing av kvartsførekomsten i samarbeid med Norges tekniske naturvitenskapelige universitet (NTNU). Rune B. Larsen, professor i mineralførestkomstgeologi ved NTNU, har sjølv vore på staden og analysert kvartsen:

– Det er uvanleg å finna ein så stor førekomst i Norge eller i utlandet, og når ein kjem opp i millionar tonn slik førekomsten er estimert å vera i Kvinnherad, så er det stort. Dette støttar våre hypotesar om at det finst høgreine kvartsførekomstar av kommersiell storleik også andre stader i Norge.

### Førebels overslag

Funnet i Kvinnherad er altså estimert til 2, 7 millionar tonn kvarts som opptre langs ei rundt 12 gonger 600 meter lang åre med ei djupne på minst 150 meter.

– Dette er veldig førebelse estimatar basert på overflatekartlegging, og vi må gjera ei heil rekkje undersøkingar før vi kan

vita om førekomsten har verdi og om den kan utvinnast. Gruveprosjekt er høgrisikoprojekt og vegen fram til ei eventuell gruve-drift er lang, fortel Schanche vidare.

### Spennande

Kvinnherad kommune har også vore involvert i prosjektet som støttespelarar, og næringsrådgjevar Karin Thauland er begeistra:

– Dei tok kontakt med oss då dei dreiv og undersøkte kvartsførekomsten, og eg var med på møtet mellom grunneigar og Nordic Mining. Selskapet sa dei ville bruka lokale bedrifter i arbeidet, og eg hjelpte dei med informasjon om dei aktuelle firma vi har i kommunen. Dette er kjempespennande for Kvinnherad, og eg trur det kan skapa positive effektar for det lokale næringslivet.

Mona Grønningen  
mona@kvinnheringen.no

## FAKTA

### «HØGREIN» KVARTS

◆ Høgrein kvarts (HRK) er ekstra rein kvartskonsentrat

◆ Høgreine kvarts som eignar seg for utvinning er sjeldan å finna

◆ Kvarts av låg kvalitet som blir brukt av stålverk og silisiumsindustrien kostar 15–40 amerikanske dollar per tonn, medan høgreine kvartskonsentrat kostar 600 dollar per tonn eller meir

◆ Nordic Mining er eit lite børsnotert gruveselskap i Oslo. Dei har gruve-drift i Gudvangen, Sogn og Fjordane. Dei driv også med utvikling av nye mineralførestkomstar både i Norge og Finland

## Harding i Folgefonnsenteret

Direktør i Umoe Schat-Harding Services AS, Petter Hærnes, går no inn som nytt medlem i styringsgruppa for Folgefonnsenteret, og erstattar regionbanksjef Arnt Sortland i Sparebanken Vest som døyddde i fjor haust.

Umoe Schat-Harding ønskjer å vera ein pådrivar for å få Folgefonnsenteret realisert, og det at Petter Hærnes går inn i styrings-

gruppa vil gje det vidare prosjektarbeidet eit nytt løft. Målet er at Folgefonnsenteret skal bli eit kompetansesenter for vidareutvikling av bedrifter i regionen som ønskjer å satsa på utvikling av miljøvennleg teknologi (cleantech), og her vil Hærnes sin kompetanse vera spesielt verdifull, skriv Folgefonnsenteret i ei pressemelding.

## Tårnagenthelg i Husnes kyrkje

Helga 22.–23. januar har Husnes og Holmedal sokn og søndags-skulane i området invitert 8-åringar i kyrkjelyden (fødd 2002) til å vere med på tårnagent-helg i Husnes kyrkje, fortel sokneprest Jan Ove Totland.

Laurdag samlast tårnagentane i kyrkja og får sin eigen agentkode. Og utover laurdagen skal dei få utforske kyrkja,

Bibelen, tårnet og kyrkjeklokene. Dei skal få løyse oppdrag og mysterium, og vere med å førebu gudstenesta på søndagen. Dette vert ei levande gudsteneste med tårnagentpreg, og då kan dei som kjem til kyrkja få vite kva agentane har funne ut. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi. Heile kyrkjelyden er velkomne til å vere med på tårn-

agentgudstenesta, og spesielt kjekt er det om familie og venner til tårnagentane kjem.

Tårnagenthelg er eit landsomfattande samarbeidstiltak mellom Den norske kyrkja og Søndagsskulen. Den har tilknytning til TV-serien Tårnagentane som gjekk på NRK i jula.